



Møteprotokoll for Utval for næringutvikling og drift

Møtedato: 29.04.2020
Møtestad: Teams-møte
Møtetid: 12:00 - 15:20

På grunn av korona-situasjonen vart møtet i utvalet halde på Teams.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Stian Lavik	KRF	Utvalsleiar
Mabel Johansen	H	Nestleiar
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Yngve Walaker	FNB	Medlem
Maya Riise	MDG	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem
Anders Ingar Solheim	FRP	Settmedlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Møtte for Stian Lavik i sak 024
Olav Steinar Namtvedt	SP	Liv Hopland van der Kooij - SP
Tommy Tjensvold Øvretveit	FRP	Anders Ingar Solheim - FRP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjef Hogne Haugsdal, næringssjef Tanja Hoel, rådgjevar Tove Hagenes, Næring og utvikling, møtesekretær Arthur Kleiveland

Vegar R. Sjørusen og Maria B. Helsengreen frå selskapet E&Y orienterte i sak 023.

Sakliste

Saknr	Tittel
020/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
021/20	Godkjenning av møteprotokoll
022/20	Lokal aktivitetsspakke for næringslivet knytt til koronaviruset
023/20	Orienteringssak: Mongstad Industrial Park, Green Spot Mongstad
024/20	Søknad om tilskot til næringsfondet - Motitech - omstilling og realisering av internasjonalt vekstpotensial
025/20	Søknad til næringsfondet - Industriutvikling Vest - kartlegging og analyse av digitalt næringsliv i Alver
026/20	Søknad til næringsfondet - Asfaltpartner AS. Vekststrategi
027/20	Søknad til næringsfondet - CG Labs Innovativ - datafangst og analyse
028/20	Søknad til næringsfondet - Mikro Grønt AS. Produkt- og marknadsutvikling
029/20	Søknad til næringsfondet - NagellD. Digitalisering, digital prototyping og 3D-printing som virkemiddel for auka berekraft
030/20	Søknad til næringsfondet - NONL - Forretningsanalyse for ny grønn næringsutvikling - Mongstad Industrial park
031/20	Meldingar og orientering i møte 29. april

020/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for næringutvikling og drift 29.04.2020:

Behandling:

Utvalet godkjende samrøystes innkalling og saksliste.

ND- 020/20 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

021/20: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for næringutvikling og drift 29.04.2020:

Behandling:

Utvalet godkjende samrøystes møteprotokoll frå 11. mars.

ND- 021/20 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

022/20: Lokal aktivitetsspakke for næringslivet knytt til koronaviruset

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd eit felles kunnskapsgrunnlag (moglegeheitsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk

utvikling av næringslivet framover.

Finansieringa på 750 000 kr skal dekkast frå næringsfondet under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv bidrar med finansiering til moglegheitsstudien, slik det er lagt fram i saka.

Kommunestyret ber rådmannen vurdere om det er investeringsprosjekt som kan framskundast i samband med 1. tertialrapport. I tillegg skal rådmannen vurdere framdrift på investeringsprosjekt i samband med økonomiplanen 2021 – 2024.

Utval for næringutvikling og drift 29.04.2020:

Behandling:

Utvalet hadde ei grundig drøffing i saka.

Utvalsleiar Stian Lavik (KrF) sette fram følgjande framlegg (framlegg 1):

Utval for næringutvikling og drift takkar formannskapet for å ha tatt tak i næringslivet sin situasjon i koronakrisa, og gjev si tilslutning til dei hovudpunkta som ligg føre frå administrasjonen. Vidare vil utvalet setja fram følgjande to endrings- og tilleggsframlegg til vedtak for kommunestyret:

1. I andre avsnitt vert "næringsfondet" endra til "disposisjonsfondet".

Utvalsleiar Stian Lavik (KrF) sette fram følgjande sekundærframlegg (framlegg 2):

Utval for næringutvikling og drift takkar formannskapet for å ha tatt tak i næringslivet sin situasjon i koronakrisen, og gjev sin tilslutnad til dei hovudpunkta som ligg føre frå administrasjonen.

Utvalet vedtar at 750 000 til utarbeiding av eit felles kunnskapsgrunnlag (moglegheitsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av næringslivet framover blir dekt av næringsfondet, under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv bidrar med finansiering til moglegheitsstudien, og at kommunestyret elles følgjer opp tiltaka i vedtaket - slik det er lagt fram i saka. Utvalet vurderer dette føremålet til å vera dekt under fondsvedtektene sitt føremål og målsetting.

Vidare vil utvalet setja fram følgjande framlegg til vedtak for kommunestyret:

"Kommunestyret ber om at det vert utarbeid eit felles kunnskapsgrunnlag (moglegheitsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av næringslivet framover.

Finansieringa på 750 000 kr blir dekt frå næringsfondet under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv bidrar med finansiering til moglegheitsstudien, slik det er lagt fram i saka. (Jfr. vedtak i sak PS 022/20 i ND).

Kommunestyret ber rådmannen vurdere om det er investeringsprosjekt som kan framskundast i samband med 1. tertialrapport. I tillegg skal rådmannen vurdere framdrift på investeringsprosjekt i samband med økonomiplanen 2021 – 2024..

Tormod Skurtveit (Ap) sette fram følgjande framlegg til nytt avsnitt 4 i rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret ber om at både Utval for næringutvikling og drift og Formannskapet vert

halde løpande orientert vidare om tiltak og framdrift i denne saka, første gong i juni.

Utvalsleiar Stian Lavik (KrF), sette fram følgjande framlegg til nytt avsnitt 4:

“Kommunestyret ber om at Utval for næringsutvikling og drift tar eit særleg ansvar for å følgja opp situasjonen og tiltak for næringslivet i eit heilskapleg perspektiv i lys av koronakrisa framover, og at utvalet vert halde orientert også om tiltak og framdrift i denne saka.

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak. Framlegget fekk 0 røyster og fall. Deretter vart det røysta over framlegg (framlegg 1) frå Stian Lavik. Framlegget fekk 2 røyster (Stian Lavik, KrF, Olav Steinar Namtvedt, Sp) og fall.

Stian Lavik sitt sekundærframlegg (framlegg 2) vart samrøystes vedteke.

Tormod Skurtveit og Stian Lavik sitt framlegg knytt til nytt avsnitt 4 vart sett opp mot kvarandre. Skurtveit sitt framlegg fekk 4 røyster (Tormod Skurtveit, Ap, Yngve Walaker, Fnb, Tommy Øvretveit, Frp, Maya Riise, MDG, og vart vedteke mot 3 røyster (Stian Lavik, KrF, Mabel Johansen, H, Olav Steinar Namtvedt, Sp).

ND- 022/20 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift takkar formannskapet for å ha tatt tak i næringslivet sin situasjon i koronakrisen, og gjev sin tilslutnad til dei hovudpunkta som ligg føre frå administrasjonen.

Utvalet vedtar at 750 000 til utarbeiding av eit felles kunnskapsgrunnlag (moglegheitsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av næringslivet framover blir dekt av næringsfondet, under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv bidrar med finansiering til moglegheitsstudien, og at kommunestyret elles følgjer opp tiltaka i vedtaket - slik det er lagt fram i saka. Utvalet vurderer dette føremålet til å vera dekt under fondsvedtektene sitt føremål og målsetting.

Vidare vil utvalet setja fram følgjande framlegg til vedtak for kommunestyret:

“Kommunestyret ber om at det vert utarbeid eit felles kunnskapsgrunnlag (moglegheitsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av næringslivet framover.

Finansieringa på 750 000 kr blir dekt frå næringsfondet under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv bidrar med finansiering til moglegheitsstudien, slik det er lagt fram i saka. (Jfr. vedtak i sak PS 022/20 i ND).

Kommunestyret ber rådmannen vurdere om det er investeringsprosjekt som kan framskundast i samband med 1. tertialrapport. I tillegg skal rådmannen vurdere framdrift på investeringsprosjekt i samband med økonomiplanen 2021 – 2024.

Kommunestyret ber om at både Utval for næringsutvikling og drift og Formannskapet vert halde løpande orientert vidare om tiltak og framdrift i denne saka, første gong i juni.

023/20: Orienteringssak: Mongstad Industrial Park, Green Spot Mongstad

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift tar saka til orientering.

Utval for næringsutvikling og drift 29.04.2020:

Behandling:

Næringsssjef Tanja Hoel orienterte innleiingsvis.

Vegar R. Sjurson og Maria Helsingreen frå konsultentselskapet E&Y la fram status for det pågåande arbeidet med mulegheitsanalysen med fokus på kritisk infrastruktur.

Utvalet drøfta saka.

Utvalsleiar Stian Lavik, KrF, sette fram følgjande framlegg:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for informasjonen om infrastruktur for utvikling av Mongstad som industriområde, og ønskjer å bli orientert vidare om arbeidet med utviklinga av Mongstad.

Vidare ber utvalet administrasjonen om at det vert oppretta ein oppfølgjingsprosess kalt "Kritisk infrastruktur for Mongstad Industripark" som skal følgja opp og leggja til rette for utviklinga av kritisk infrastruktur på Mongstad, slik at vi som kommune kan ta ei aktiv og framoverlent rolle i dette for Alver, Vestland og Noreg svært viktige industriutviklingsarbeidet. Utvalet vil vera styringsgruppe, og Leiar for næring og utvikling i administrasjonen (eller tilsvarande, om stillinga vert endra) skal leia prosessen.

Føremålet med prosessen skal vera:

- Ha eit koordinert overordna perspektiv på dei ulike prosessane som pågår og behov som må takast tak i under paraplyen kritisk infrastruktur for Mongstad.*
- Ha eit særskilt blick på evalueringane av ulike deler av infrastrukturen som er vurdert i EY sin statusrapport av April 2020.*
- Følgja med på om det er trong for nye evalueringskriterier undervegs.*
- Administrasjonen rapporterer tilbake til ND med jamne mellomrom.*
- Prosessen har førebels inga avslutning i tid, dette er vurderingar ND vil gjera forløpande.*
- Prosessen skal i seg sjølv ikkje medføra ekstra kostnader utover normal drift, alle behov som vert avdekt skal opprettast og takast vidare i eigne prosessar der dei høyrer heime i den politiske og administrative styringsstrukturen.*

Utvalet tek elles informasjonen til orientering.

Tormod Skurtveit (Ap) sette fram følgjande framlegg:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for informasjonen om infrastruktur for utvikling av Mongstad som industriområde, og ønskjer å bli løpande orientert vidare om arbeidet med utviklinga av Mongstad.

Utvalet tek elles informasjonen til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk ei røyst (Yngve Walaker, Fnb) og fall mot 6 røyster. Framlegga frå Stian Lavik og Tormod Skurtveit vart sett opp mot kvarandre.

Skurtveit sitt framlegg fekk 4 røyster (Tormod Skurtveit, Ap, Olav Steinar Namtvedt, Sp, Maya Riise, MDG, Tommy Øvretveit, Frp) og vart vedteke mot 3 røyster (Stian Lavik, KrF, Mabel Johansen, H, Yngve Walaker, Fnb).

ND- 023/20 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for informasjonen om infrastruktur for utvikling av Mongstad som industriområde, og ønskjer å bli løpande orientert vidare om arbeidet med utviklinga av Mongstad.

Utvalet tek elles informasjonen til orientering.

024/20: Søknad om tilskot til næringsfondet - Motitech - omstilling og realisering av internasjonalt vekstpotensial

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Omstilling og realisering av internasjonalt vekstpotensial» blir tildelt kr 500 000 frå Næringsfondet i 2020.

Utval for næringutvikling og drift 29.04.2020:

Behandling:

Saka vart handsama for "lukka dører". (Offl. §13.1)

Utvalsleiar Stian Lavik (KrF) er med i leiinga i selskapet som søker tilskot, Motitech, og han ba utvalet ta stilling til om han er inhabil i saka.

Nestleiar Mabel Johansen (H) overtok møteleiinga i saka. Utvalet kjende Lavik inhabil og han deltok ikkje i handsaminga.

Varamedlem Else Marie Skartveit Dale (KrF) var innkalla og ho erstatta Lavik i denne saka.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 024/20 Vedtak:

Prosjektet «Omstilling og realisering av internasjonalt vekstpotensial» blir tildelt kr 500 000 frå Næringsfondet i 2020.

025/20: Søknad til næringsfondet - Industriutvikling Vest - kartlegging og analyse av digitalt næringsliv i Alver

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Kartlegging og analyse av det digitale næringslivet i Alven» blir tildelt kr 100 000 frå Næringsfondet i 2020.

Utval for næringutvikling og drift 29.04.2020:**Behandling:**

Saka vart handsama for "lukka dører". (Offl. §13.1)

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

ND- 025/20 Vedtak:

Prosjektet «Kartlegging og analyse av det digitale næringslivet i Alven» blir tildelt kr 100 000 frå Næringsfondet i 2020.

026/20: Søknad til næringsfondet - Asfaltpartner AS. Vekststrategi**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet «Vekststrategi» blir tildelt kr 200 000 frå Næringsfondet i 2020.

Utval for næringutvikling og drift 29.04.2020:**Behandling:**

Saka vart handsama for "lukka dører". (Offl. §13.1)

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

ND- 026/20 Vedtak:

Prosjektet «Vekststrategi» blir tildelt kr 200 000 frå Næringsfondet i 2020.

027/20: Søknad til næringsfondet - CG Labs Innovativ - datafangst og analyse

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Prosjektet «Innovativ datafangst og analyse» blir tildelt 900 000 kr frå Næringsfondet over ein prosjektperiode på 2 år, 450 000 kr i 2020 og 450 000 kr i 2021.
- Utval for Næringsutvikling og drift vil vere ei styringsgruppe for prosjektet på vegne av kommunen, som er pilotpartner i prosjektet.
- Utvalet ber at rådmannen signerer innovasjonskontrakten (FoU-avtalen) med CG Labs slik at særtilkår for tilsegn frå Innovasjon Norge blir oppfylt.

Utval for næringsutvikling og drift 29.04.2020:

Behandling:

Utvalet handsama saka for "lukka dører". (Offl. §13.1)

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

ND- 027/20 Vedtak:

- Prosjektet «Innovativ datafangst og analyse» blir tildelt 900 000 kr frå Næringsfondet over ein prosjektperiode på 2 år, 450 000 kr i 2020 og 450 000 kr i 2021.
- Utval for Næringsutvikling og drift vil vere ei styringsgruppe for prosjektet på vegne av kommunen, som er pilotpartner i prosjektet.
- Utvalet ber at rådmannen signerer innovasjonskontrakten (FoU-avtalen) med CG Labs slik at særtilkår for tilsegn frå Innovasjon Norge blir oppfylt.

028/20: Søknad til næringsfondet - Mikro Grønt AS. Produkt- og marknadsutvikling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Produkt- og markedsutvikling» blir tildelt kr 150 000 frå Næringsfondet i 2020.

Utval for næringutvikling og drift 29.04.2020:

Behandling:

Utvalet handsama saka for "lukka dører". (Offl. § 13.1)

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

ND- 028/20 Vedtak:

Prosjektet «Produkt- og markedsutvikling» blir tildelt kr 150 000 frå Næringsfondet i 2020.

029/20: Søknad til næringsfondet - NagellID. Digitalisering, digital prototyping og 3D-printing som virkemiddel for auka berekraft

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Digitalisering, digital prototyping og 3D-printing som virkemiddel for auka berekraft» blir tildelt kr 350 000 frå Næringsfondet i 2020.

Utval for næringutvikling og drift 29.04.2020:

Behandling:

Utvalet handsama saka for lukka dører. (Offl. § 13.1)

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

ND- 029/20 Vedtak:

Prosjektet «Digitalisering, digital prototyping og 3D-printing som virkemiddel for auka berekraft» blir tildelt kr 350 000 frå Næringsfondet i 2020.

030/20: Søknad til næringsfondet - NONL - Forretningsanalyse for ny grøn næringsutvikling - Mongstad Industrial park

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Forretningsanalyse nye grønne arbeidsplasser Mongstad Industrial Park» blir tildelt kr 250 000 frå Næringsfondet i 2020.

Utval for næringutvikling og drift 29.04.2020:

Behandling:

Utvalet handsama saka for "lukka dører". (Offl. §13.1)

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

ND- 030/20 Vedtak:

Prosjektet «Forretningsanalyse nye grønne arbeidsplasser Mongstad Industrial Park» blir tildelt kr 250 000 frå Næringsfondet i 2020.

031/20: Meldingar og orientering i møte 29. april

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering.

Utval for næringutvikling og drift 29.04.2020:

Behandling:

Kommunalsjef Hogne Haugsdal orienterte kort kring prosessen med tilsetjing av ny næringssjef, og utvalsleiar og andre i utvalet fortalde frå andre møte og prosessar som har føregått sidan forrige møte, t.d. møte i kontaktutvalet, møte mellom ordførar, utvalsleiar og administrasjonen, arbeid med kraftsaka på Mongstad, konstituerande møte i representantskapet i NGIR (og at utvalet peikar på viktigheita av at Alver kommune får på plass ein god og framoverlent eigarstrategi), osb.

Utvalet drøfta aktuelle tiltak for å skapa aktivitet og tiltak som kan bidra positivt for lokalt næringsliv i tilknytning til koronakrisa.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg:

Administrasjonen svarar i neste møte på følgjande problemstillingar knytt til følgjande opplisting:

- Utsetjing på skatt- og avgiftsbetaling
- Lærlingegaranti
- Notat frå Mabel Johansen og Høgre knytt til aktuelle tiltak - utsendt til politisk handsaming
- Landbruket sitt behov for avløyssarar og sesongarbeid
- Sommarjobb

Utvalet tok elles informasjonen til orientering.

Utvalet vedtok framlegg til vedtak, med tillegg sett fram i møtet.

ND- 031/20 Vedtak:

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering med følgjande tillegg:

Administrasjonen svarar i neste møte på følgjande problemstillingar knytt til følgjande opplisting:

- Utsetjing på skatt- og avgiftsbetaling
- Reiseliv
- Lærlingegaranti
- Notat frå Mabel Johansen og Høgre knytt til aktuelle tiltak - utsendt til politisk handsaming
- Landbruket sitt behov for avløyssarar og sesongarbeid
- Sommarjobb

Utvalet tok elles informasjonen til orientering.